

SAK 11 – VALG



Inneholder:

- Valgkomiteens innstilling til nytt sentralstyre
- Valgkomiteens innstilling til nytt landsstyre
- Landsstyrets innstilling til ny valgkomité, redaksjonskomité og revisor

LANDSMØTE 2022

Valgkomiteens forslag til sentralstyre 2022-24

Leiar	Truls Gulowsen
Første nestleiar	Pernille Hansen
Andre nestleiar	Randi Storhaug
Styremedlem	Kjell M. Derås
Styremedlem	Katharina Karlsen Hessen
Styremedlem	Lasse Eriksen Bjørn
Første varamedlem	Ingebjørg Marie Thorkildsen
Andre varamedlem	Hilde M. Gaebpien Danielsen
Tredje varamedlem	Øyvind Johnsen
Fjerde varamedlem	Gaute Rolv Dahl

Innstillinga er samrøystes avgitt 18. mars 2022.

Kandidatane

Leiar: Truls Gulowsen (attval)

Truls vart vald som leiar av landsmøtet i 2021. Komiteen har eit framifrå godt inntrykk av leiergjeringa til Truls så langt. Audmjuk, tilstades og engasjerande internt, og ei kraftig, lojal og tydeleg røyst for Naturvernforbundet sin politikk eksternt. Dette bilete har vore stadfesta og forsterka gjennom intervjuet valkomiteen har gjort med våre mange tillitsvalde. Det var ingen tvil for oss at han skulle innstillast til attval.

Truls er 47 år, bur i Oslo med to born og har kjærast i Stockholm. Han er naturforvaltar frå Norges miljø- og biovitenskapelige universitet (NMBU) på Ås med mellom andre professor Sigmund Hågvær som lærar. I studietida var han leiar for Studenttinget ved NMBU, medlem av Landsstyret i Norges studentorganisasjon, gasskraftaktivist og frivillig prosjektmedarbeidar for vasskraftrevisjonar i Naturvernforbundet.

Etter fullført studie på Ås byrja han i Greenpeace Norge, og han bidrog her til at organisasjonen i større grad enn tidlegare fungerte som ein del av norsk miljørørsle. Som leiar i Greenpeace frå 2007 til 2019 har han vore avgjerande i arbeidet med å styrke truverdet til organisasjonen og rolla i norsk miljøkamp. Etter dette arbeidde han som politisk rådgjevar i Regnskogfondet, og han var møtande vara i sentralstyret til Miljøpartiet dei Grøne (MDG). Truls har vore ei tydeleg røyst i norsk og internasjonal miljødebatt over lang tid. Truls har god erfaring med strategisk kampanjearbeid, media, politikk og forhandlingar med både miljørørsle, fagrørsle og næringslivet.

Første nestleiar: Pernille Hansen (attval)

Pernille vart vald som første nestleiar av landsmøtet i 2021. Som nestleiar har ho utmerka seg både i media og som organisasjons-byggar. Ho er hardtarbeidande, engasjert og får gode skussmål frå dei tillitsvalde i organisasjonen. Komiteen innstiller på attval.

Ho er 37 år og har ein doktorgrad i språkvitenskap. Ho kjem frå Molde, bur i Oslo og arbeider som førsteamanuensis i norsk språk ved Høgskolen i Innlandet. Før ho vart nestleiar, var Pernille vara til sentralstyret i tre år. I si tid i sentralstyret har ho mellom anna leia arbeidsgruppa «Naturvernforbundet fram mot 2030», arbeidet med nye etiske retningslinjer og retningslinjer for handtering av varslingssaker. Ho var også medlem av vedtektskomiteen fram mot landsmøtet i 2018.

Frå 2016 til 2021 var Pernille leiar av Naturvernforbundet Oslo Øst. Tidlegare har ho vore regionsekretær (2005 – 2006), fylkesleiar (2007) og sentralstyremedlem (2007 – 2009) i Natur og Ungdom. Ho har dessutan vore tilsett i Naturvernforbundet Hordaland (2007) og Miljøagentane (2012), og er i dag Naturvernforbundet sin representant i Miljøagentane sitt sentralstyre.

Pernille har arbeidd med og er interessert i eit stort spekter av miljøraker, mellom anna klima, samferdsel og jordbruk. Ho har også arbeidd organisatorisk med medlemsvekst, opne arrangement og sosiale medium. Pernille er oppteken av å gjere Naturvernforbundet meir inkluderande og trekke fleire unge vaksne inn som aktive.

Andre nestleiar: Randi Storhaug (ny)

Etter at Synnøve Kvamme ikkje ynskte å stille til attval som andre nestleiar var det viktig for valkomiteen å finne ein kandidat som kunne erstatte hennar lange organisasjonserfaring og sterke engasjement for klassisk naturvern. Det meiner vi at vi har funne i Randi Storhaug.

Randi er 54 år, har 3 born og bur i Stavanger. Ho er utdanna gartnar og har eit hovudfag i biologi (økologi/zoologi) frå Universitetet i Tromsø. Ho har jobba i universitetsadministrasjonen i Tromsø, og hjå Statsforvalteren i Rogaland som rådgjevar for naturforvaltning med mellom anna Handlingsplan mot framande skadelege artar i Rogaland. Randi har også jobba i industrien og som koordinator for Jæren vassområde og arbeidar no i Sola kommune som rådgjevar for landbruks- og miljøraker. Gjennom arbeidserfaring frå Statsforvaltar og kommunal forvaltning har ho erfaring og innsikt i planprosessar, korleis dei fungerer og korleis påverke.

Ho er i dag med i Landsstyret i Naturvernforbundet (sidan 2018) og fylkesstyret i Rogaland, og ho har vore aktiv i arbeidet med arbeidsprogrammet før landsmøtet. Randi er oppteken av at klima- og naturkrisa heng uløseleg saman, og at redusert forbruk er nødvendig for å løyse desse krisene. Ho er oppteken av å ta vare på natur og matjord, og at nedbygging av natur for å bygge vindkraftanlegg, motorvegar, oppdrettsanlegg eller for å gjere plass til areal- og kraftkrevande industriar ikkje må tillatast på bekostning av desse verdiane.

Fast medlem: Kjell M. Derås (attval)

Kjell har lang fartstid i Naturvernforbundet og i sentralstyret. Det siste året har han vore brukt som talsmann og representant for sentralstyret ved større arrangement. Valkomiteen tykkjer Kjell er god på å finne balansen mellom klimautfordringa og arealkonfliktane som har oppstått i samband med «det grønne» skiftet. Han har verdifull erfaring frå naturkampane, og vi innstiller han til attval.

Kjell har vore varamedlem og fast medlem i sentralstyret i Naturvernforbundet sidan 2015. Han er opprinneleg frå Namdalseid og har utdanning innan sosialt arbeid, jordbruk og media/formidling. Han har i ei årrekke arbeidd med formidling og forsvar av naturgrunnlaget for sørsamisk kultur, der bruk av bilde har stått sentralt. Han vart tidleg miljøaktivist og aktiv i samarbeidsgruppene for natur- og miljøvern (snm) på 1970-tallet. Han var sterkt engasjert i folkeaksjonen mot skytefelt på Fosen, Forrakampen og kampen mot utbygging av Alta Kautokeinovassdraget. Sidan har han jobba både med ei rekke store naturvernsaker og med formidling av naturglede. Han har også leia Fjellrevutvalet i Naturvernforbundet i 10 år. Kjell har budd mange år i Levanger og var leiar av lokallaget der (1994 – 2006). Han var landsstyrerepresentant for Nord-Trøndelag (2005-2015). I 2017 flytta Kjell til Billefjord i Porsanger, han er der tilknytta Sjøsamisk kompetansesenter. Dei siste åra har han vore aktiv i lokallag og i fylkesstyret i Finnmark. Han har vore spesielt engasjert i mellom anna Kalvatnkampen, som vart vunnen i 2016, og andre vindkraftsaker, og i å dele erfaringar om bruk av sivil ulydnad. Kjell bur no i Alta og er 67 år.

Fast medlem: Katharina Karlsen Hessen (ny)

Katharina er 31 år. Ho er fødd og oppvaksen i i Harstad og vart med i Natur og ungdom som 13-åring. Etter vidaregåande reiste ho til California der ho tok utdanning i medieproduksjon og seinare jobba i mange år. Tilbake i Noreg i 2020 byrja ho på ein mastergrad i Internasjonale miljøstudier ved NMBU på Ås. Den er ho i ferd med å fullføre og den handlar om oppdrettsverksemd og sosial berekraft, med fokus på nordnorske kystsamfunn. Utdanninga inneheld også miljøhistorie, økologisk økonomi, forvaltningsrett, berekraftvitskap med meir. Ho var med og starta lokallag til Naturvernforbundet i Ås i april 2021, og var leiar der til ho flytta til Sogndal februar 2022. Ho ynskjer no å starte lokallag i Sogndal og er spesielt oppteken av rekruttering og å inkludere flest mogleg i naturvernarbeid. Ho er også med i arbeidsprogramkomiteen for Naturvernforbundet.

Katharina er særst oppteken av villrein, oppdrett og marint vern, levande kystsamfunn og berekraftig forvaltning av fiskeriressursane. Ho meiner at distrikta må ha spesielt fokus i ein organisasjon som Naturvernforbundet. Ho har vore aktiv medlem i MDG, men meldte seg ut fordi ho tykte det vart for mykje tru på teknologiske grønne løysingar, mellom anna vindkraft på land og hav.

Fast medlem: Lasse Eriksen Bjørn (ny)

Lasse Eriksen Bjørn er 25 år, sjøsame og frå Tromsø. For tida bur han i Oslo. Han jobbar som prosjektleiar i Samerådets arktis- og miljøavdeling, blant annet med prosjekter om å rydde opp avfallsdeponi i samiske område på Kolahalvøya i Russland. Lasse gjer også ferdig ein bachelorgrad i matematikk. Lasse har vore sentralstyremedlem i Natur og Ungdom fra 2018 til 2020 kor han jobba med fiskeri, jordbruk og gruvesakene i Repparfjord og Førdefjorden. Lasse er ein av seks unge som saman med Natur og Ungdom og Greenpeace klagar høgsterettsdomen etter klimasøksmålet vidare til den Europeiske Menneskerettighetsdomstolen (EMD). Lasse sine hjertesaker er å stoppe klimaendringane, hindre nedbygging og tap av natur, og bevare og styrke urfolk sine rettigheter.

Første varamedlem: Ingebjørg Marie Thorkildsen (attval)

Ingebjørg er ein god lagspelar som har bidrege med mange gode innspel styremøta i Naturvernforbundet. Valkomiteen ynskjer å ha ho med vidare og innstiller ho som første vara.

Ingebjørg kjem frå Skoppum i Vestfold. Ingebjørg har vore møtande vara i sentralstyret sidan landsmøtet i 2021. Ho var aktiv i Natur og Ungdom frå 2015, både i lokallag, fylkeslag og landsstyret. Lokalt arbeidde ho mykje med samferdsel, klimarett og kampen mot dumping av gruveavfall i norske fjordar. Frå sommaren 2018 frem til januar 2021 var Ingebjørg sentralstyremedlem i Natur og Ungdom. Her arbeidde ho særleg med olje- og gruvesaker. Ingebjørg har også vore ein pådrivar for studentarbeidet i NU, og ho har vore tilsett som studentsekretær. Ho har også vore medlem av gruveutvalet til Naturvernforbundet. Ingebjørg er 22 år, studerer medier og kommunikasjon, og jobber ved sidan av som økonomi- og administrasjonsmedarbeidar i ZERO.

Andre varamedlem: Hilde M. Gaebpien Danielsen (ny)

Hilde er del av ein reindriftsfamilie, jobbar i Nordsjøen, er politisk aktiv og har med seg livsperspektiv og engasjement som valkomiteen vurderer som svært viktig i sentralstyret.

Ho er 40 år og 1. vara til Stortinget for Trøndelag SV. I tillegg har ho fleire andre verv i partiet og sit i kommunestyret i Røros. Det gjev ho verdifull politisk kompetanse i vårt sentralstyre. Hilde er busett på Røros, er 4-barnsmor og urfolkskvinne. Ho er del av ein reindriftsfamilie som er knytta til saanti sijte / essand reinbeitedistrikt. I tillegg er ho turnusarbeider i Nordsjøen som kokk, og prosjektarbeider i samisk helseteam. Sakene som Hilde brenn for er urfolksaker, og kampen mot dei store arealinngrepa i våre felles fjell og kystområder som kjem som følge av etablering av vindkraftindustri, hytteutbygging, kystnær fiskeoppdrett og gruveindustri. Ho tykkjer at naturen og moder jord ikkje kan tape meir.

Tredje varamedlem: Øyvind Johnsen (attval)

Øyvind har fått gode skussmål for sine diplomatiske evner og har lang røynsle frå sentralstyret og organisasjonsarbeid. Han komplementerer dei andre kandidatane som valkomiteen har innstilt til sentralstyret på ein god måte og er innstilt som vara til sentralstyret.

Øyvind vart med i sentralstyret i 2015 og var nestleiar frå 2016-2021. Han er utdanna statsvitar, har vore fagdirektør og kommunikasjonsdirektør i Husbanken, styremedlem i Naturvernforbundet i Tønsbergdistriktet i ei årrekke, og han var leiar av Naturvernforbundet i Vestfold i perioden 2007 - 2018. Øyvind har vore engasjert i naturvern sidan ungdomsåra. Han var med i samarbeidsgruppene for natur- og miljøvern (snm) sine aksjonar mot skogsbilveggar i Nordmarka (Spålseter 1971 og Vidvangen 1972), deltok i snm sine grupper i økofilosofi og økopolitikk på 70-tallet og studerte økofilosofi med Sigmund Kvaløy Sætereng som rettleiar. Øyvind Johnsen er oppteken av at Naturvernforbundet skal vere ein brei og politisk uavhengig medlemsorganisasjon som tar vare på alle typar naturvern- og miljøengasjement. Øyvind Johnsen er 66 år og bur i Tønsberg.

Fjerde varamedlem: Gaute Rolv Dahl (attval)

Gaute har bak seg ein periode som vara til sentralstyret. Hans kompetanse er vurdert som viktig å ha i sentralstyret, og han er difor innstilt som vara.

Gaute vart vald inn som vara i sentralstyret i 2021. Han er 51 år, har to born, kjem opprinneleg frå Mo i Rana og bur no i Trondheim. Han har vore aktiv i miljørørsla sidan han melde seg inn Natur og Ungdom i 1986 og har etter det m.a. vore aktiv i Spar Saltfjellet. I dag er han leiar av Naturvernforbundet i Trondheim. Gaute er utdanna samfunnsgeograf og jobbar i dag med samferdsel i Trøndelag fylkeskommune. Han er også 50 % frikjøpt som tillitsvald på arbeidsplassen. Gaute er oppteken av økologisk berekraft, arealkonfliktar og bevaring av natur (vegbygging, vindkraftverk, skogsaker, rovvilt m.m.) for å sikre livsgrunnlaget for menneskeheita. Gaute ser behov for å styrke organisasjonen og at jobbing med enkeltsaker kan bidra til haldnings- og systemendringar.

Arbeidet i valkomiteen

Valkomiteen blei oppnemnd på landsmøtet i 2021 og har bestått av:

- Jon Anders Stavang, leiar
- Aslak Heika Hætta Bjørn
- Ingerid Angell-Petersen
- Olav Nicolay Larsson Aga
- Annie Henriksen
- Anna Birkeland Olerud (gjekk ut av komiteen januar 2022)

Ei skildring av korleis komiteen arbeidde, var organiserte og prioriterte kan du lese meir om på:

<https://naturvernforbundet.no/hjem/valkomiteen-si-innstilling-til-nytt-sentralstyre-til-landsmotet-i-naturvernforbundet-2022-article42876-113.html>

LANDSMØTE 2022**Valgkomiteens forslag til landsstyre 2022-2024**

Valgkomiteen har bestått av Jon Anders Stavang (leder), Aslak Heika Hætta Bjørn, Ingerid Angell-Petersen, Olav Nicolay Larsson Aga, Annie Henriksen og Anna Birkeland Olerud (gikk ut av komiteen januar 2022)

Valgkomiteens innstilling basert på nominerte kandidater fra årsmøter i fylkeslag, samt landsmøter i Natur og Ungdom og Miljøagentene:

Representant fra	Fast representant	Vararepresentant
Østfold	Håkon Borch	Ragnar Johnsen
Oslo og Akershus	Espen Ulvin	Karin Irene Olsen
Innlandet	Thomas Cottis	Kjetil Bjørklund
Buskerud	Anne Foss	Martin Lindal
Vestfold	Ann Norderhaug	Espen Backe
Telemark	Saskia Wanders	Torfinn Sanden
Agder	Rune Sævre	Yvonne Kerlefsen
Rogaland	Wenche Skorge	Randi Storhaug
Hordaland	Knut Espelid	Tone Salomonsen
Sogn og Fjordane	Anne-Line Thingnes Førstund	Jon Anders Stavang
Møre og Romsdal	Japke Stobbe	Louise Thoresen
Trøndelag	Magne Vågsland	Alette Sandvik
Nordland	Dag Johansen	Kaja Langvik-Hansen
Troms	Jon-Arne Jørstad	Berit Ballari
Finnmark	Leif Gøran Wasskog	Annie Leonore Henriksen
Natur og Ungdom	Morten Hansen	Gytis BlazeVICIUS
Miljøagentene	Signe Lindbråten	Sina Øversveen

I tillegg består landsstyret også av sentralstyret og ansattes representant. Se vedtektenes §4-3.

Nominert vararepresentant fra Rogaland, Randi Storhaug, er også innstilt som nestleder i Naturvernforbundet. Om hun blir valgt som nestleder vil fylkesstyret i Rogaland velge ny vararepresentant.

Valgkomiteen har som oppgave å sikre kjønnsbalanse i landsstyret og landsmøtet har myndighet til å foreslå at fylkeslagene bytter om på sin faste og vara-representant dersom kjønnsbalansen har større ulikhet enn 60 - 40%. Nominasjonene fra fylkesårsmøtene hadde overvekt av menn. Valgkomiteen kontaktet derfor de nominerte fra Buskerud, som byttet plass som fast og vara for å få flere kvinner i faste plasser i landsstyret. Etter denne endringen vurderer valgkomiteen den helhetlige kjønnsfordelingen i det innstilte landsstyret som i tråd med dagens vedtekter.

Valgkomiteen vil anmode fylkesårsmøtene og de fylkesvise valgkomiteene om å nominere både en kvinne og en mann til landsstyret slik vedtektene krever. Slik vil det bli lettere å oppnå kjønnsbalanse i den endelige innstillingen.

Valgkomiteens innstilling til landsstyre er enstemmig.

LANDSMØTE 2022

Landsstyrets forslag til valgkomité, kontrollkomité og revisor

Forslag til ny valgkomité

Leder: Jon Anders Stavang (gjenvalg)
Medlem: Aslak Heika Hætta Bjørn (gjenvalg)
Medlem:
1. vara: Annie Leonore Henriksen (gjenvalg)
2. vara: Olav Aga (gjenvalg)

Om kandidatene

Jon Anders Stavang (47) fra Florø, Sogn og Fjordane. Er vara til landsstyret, og har hatt verv som fylkesleder og nestleder i Naturvernforbundet Sogn og Fjordane og lokallagsleder i Flora. Sittet i Naturvernforbundets energi arbeidsgruppe og har et stort nettverk innenfor saker han har jobbet med. Har også erfaring fra andre organisasjoner, og fra forsker- og lederjobber i yrkeslivet. Jobber som landbrukssjef i Kinn kommune, og er utdannet planteøkolog med doktorgrad i biologi. Er engasjert i en rekke naturvernsaker, og siste årene særlig i vindkraftsaker.

Aslak Heika Hætta Bjørn (29) fra Pasvikdalen i Sør-Varanger, Finnmark. Bred organisasjonserfaring fra miljøbevegelsen og samebevegelsen, og har et godt nettverk i flere miljøer. Er særlig engasjert for naturen og samiske rettigheter, og har lenge jobbet mot utbyggingsprosjekter i Sápmi, som vindkraftutbygginga på Fosen, Øyfjellet og Rástigaisa og Nussirgruva i Riehpovuotna. Er videre opptatt av at Norge må ta sine klimaforpliktelser på alvor, og omstille oljenæringa. Jobber som politisk rådgiver for stortingsgruppen til Rødt og bor i Oslo.

Annie Leonore Henriksen (69) fra Hammerfest, Finnmark. Var med å opprette lokallaget i Vest-Finnmark i 2014 og har siden vært lokallagsleder. Hun er fylkestyremedlem i Finnmark og har siden 2015 vært landsstyreprerentant. Har jobbet særlig mot dumping av gruveavfall i Repparfjord, hvor blant annet hennes yrke som jordmor har vært en viktig del av engasjementet.

Olav Aga (28) fra Os i Hordaland. I Naturvernforbundet har han sittet i fylkestyret i Hordaland, fiske- og oppdrettsutvalget og landsstyret, og har i tillegg bakgrunn fra Natur og Ungdom. Han har vært engasjert i saker som aksjoner mot dumping av gruveavfall i Førdefjorden og samarbeid med miljøorganisasjoner Russland. Sitter også i styret til Norges Sosiale Forum, og er opptatt av solidaritet og samarbeid på tvers av bevegelser og landegrensener. Studerer medisin og bor i Bergen.

Forslag til ny kontrollkomité

Leder: Kåre Olerud (gjenvalg)
Medlem: Sigrid Ryeng Alnes (gjenvalg)
Medlem: Gert-Fredrik Malt (ny)

Om kandidatene

Kåre Olerud (80) fra Harestua, Oppland. Har vært aktiv i Naturvernforbundet siden 70-tallet, startet lokallaget i Lunner i 1971 og hatt roller både som tillitsvalgt og som ansatt i sekretariatet. Jobbet mange år som lærer, er i dag aktiv i veterangruppa og som frivillig som bistår på arkiv og dokumentasjon hos fylkeslaget.

Sigrid Ryeng Alnes (32) kommer fra Kirkenes, Finnmark. Har lang organisasjonserfaring fra blant annet UngOrg - paraplyorganisasjonen for barne- og ungdomsorganisasjoner i Oslo, har vært medlem

i Naturvernforbundets kontrollkomité i perioden 2011-2018 og har vært aktiv og ansatt i Natur og Ungdom, blant annet som daglig leder. Sigrid bor i Oslo, er utdannet fysioterapeut og tar for tiden en PhD ved OsloMet.

Gert-Fredrik Malt (74) fra Oslo. Medlem i Naturvernforbundet i Oslo Vest. Jurist, Førsteamanuensis Em. ved Det juridiske fakultet, UiO. Han har representert Oslo og Akershus i landsstyret fra juni 2012 til april 2022, og har bidratt mye i arbeid med vedtekter og forretningsorden i Naturvernforbundet.

Forslag til revisor

Som revisor velges: Deloitte (gjenvalg)